



Søre Sunnmøre Regionråd

Samarbeidsorganet for kommunane på Søre Sunnmøre

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 200800581 Dok.nr. 22	
18 MARS 2008	
Arkivnr. 027	Saksh. MTOE
Eksp.	
U.off.	

Finansdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Kommunal- og regionaldepartementet

KOMMUNANE TRENG HJELP TIL RENOVERING AV SKULEBYGG!

Søre Sunnmøre Regionråd har i møte 14.3.08, sak 16/08, vedteke slik fråsegn:

"Søre Sunnmøre Regionråd viser til uttalen frå Vestlandsrådet vedr. trongen for fornying og oppdatering av bygningsmassen i den vidaregåande skulen. Trongen for vedlikehald og fornying av kommunale skulebygg er ikkje noko mindre. Tilstand og vedlikehaldsetterslep for kommunale bygg generelt og skulebygg spesielt er grundig dokumentert av KS. Det hastar å kome i gang med dette arbeidet. I Soria Moria-erklæringa lovar regjeringa at ordninga med lån med rentekompensasjon skal vidareførast og forsterkast. Regionrådet konstaterer at dette ikkje ligg inne i statsbudsjettet for 2008. Vi støttar difor kravet frå Vestlandsrådet om ny låneramme for rentefrie lån til renovering av skulebygg. Denne må kome seinast i statsbudsjettet for 2009, og må kunne søkjast på både av kommunar og fylke."

Vi vonar at regjeringa stettar kravet.

Volda, den 17.03.2008

Per Ernst Lundberg
Sekt.

Kopi:
Vestlandsrådet
Kommunane på søre
Møre og Romsdal fylke

Leiar: Jan Helgøy
Vanylven kommune
6143 Fiskåbygd
Tlf. 70 0300 01
jan.helgoy@vanylven.kommune.no

Sekretariat: Per Ernst Lundberg
Volda kommune
6100 Volda
Tlf. 70 05 88 58
per.ernst.lundberg@volda.kommune.no